



**Årsmelding 2020**

**Bryne Kunstforening**

---

**Innholdsliste**

Utstillinger og arrangement

Publikum

Årsmøte

Arbeid i styret

Ressursgruppa

Økonomi

Medlemmar

Juleutlodding

## Bryne kunstforening - Årsmelding 2020

### Utstillinger og arrangement

24.1 -23.2 2020 **Fluid Pose**, Kenneth Varpe



Utstillinga var ein del av og arrangert i nært samarbeid med Garborgdagane. På opningsarrangementet var det kunstnarsamtale mellom kunsthistorikar Helga Nyman og Kenneth Varpe. Opninga var godt besøkt med 97 deltakarar og god stemning fra kl 18 til kl 24.

Utstilling fekk brei førehandsomtale og reportasje i Jærbladet. Anmeldt i Stavanger Aftenblad av Trond Borgen.

Utstillinga blei vist mykje merksemd frå kunstmiljøet på Nord-Jæren spesielt frå Stavanger.

Kenneth Varpe hadde omvising i utstillinga 9.2. med ca 15 deltakarar. Til saman var det 240 besøkande.

Utstillinga fekk kr 15000 i støtte frå Norske kunstforeningar

<https://www.brynekunstforening.no/2020/varpe>

07.03 – 5.04 - **Respectare**, Brit Bøhme, Anne Knutsdatter Wille, Grethe Unstad



Utstillinga med kunstnartrioen frå Bergen blei opna av kunstnar og skribent Natasja Askelund. Ho sa blant anna dette: *Denne utstillingen handler om det dagligdagse, det nære, de tingene vi omgir oss med, det vi kanskje ikke ser, men som påvirker oss. Ved å fremheve disse vanlige tingene, opplevelsene, omgivelsene blir det ubetydelige tydelig, det kjedelige spennende og det vanlige ekstraordinært. Kunstnerne snakker selv om farger, former, og sansingen i selve prosessen med å lage kunst. De snakker om detaljer, og tilstedeværelse-og det er det det handler om.*

Natasja Askelund hadde også foredrag etter omvising. - *Hvorfor er kunst viktig*

Det var 64 besøkende på utstillinga som vart korona-stengd etter opningshelga.

<https://www.brynekunstforening.no/2020/respectare>

26.09 – 18.10 **maskin MONUMENTAL**, Kai Arne Kirkebø og Tom Galta



Kai Arne Kirkebø viste teikningar, Tom Galt fotografiar og installasjonar. Begge med arkitektur som viktig element i sine verk.

Utstillinga var opna av Sigvart Zachariassen og det var musikkinnslag ved jazzgitarist Phil McDermott

Utstillinga vart anmeldt i Stavanger Aftenblad av Trond Borgen.

På opninga var det 68 besøkende, tilsaman 143 vitja utstillinga og 8 kunskverk vart selde.

<https://www.brynekunstforening.no/2020/kirkebogalta>

24.10 – 05.11 **Koia, Odd Sama**



**ODD SAMA : KOIA**  
keramikk - installasjon  
Opning: laurdag 24.10 kl 12.00

Opent: 24.10 - 15.11 2020  
Laurdag 12.00-16.00 / Sundag 13.00-17.00. Bryne Mølle, 3. etasje



Odd sama opna utstillinga si sjølv, han viste rundt og hadde god dialog med publikum.

Odd Sama seier sjølv om *Koia* verket som har gjeve utstillinga namn: *Hvordan skal en fordøye overnevnte koie som kunst beror vel på hvilket kunstbegrep og hvilke kunstpraksiser en sokner til. Og om det i kunstsammenheng litt uvanlige materialet, og den skjødesløse omgangen med form og sprekker. Et foreløpig svar kan være at grisete tider krever et grisete uttrykk.*

Utstillinga fekk god førehandsomtale både i Jærbladet og Stavanger Aftenblad og vart anmeld av Trond Borgen i Stavanger Aftenblad.

Det var 53 besøkande på opninga og tilsaman 96 besøkande.

<https://www.brynekunstforening.no/2020/osama>



**BRYNE KUNSTFORENING**

**KUNSTAUKSJON**  
Verk frå lokale kunstnarar og samlinga til Bryne kunstforening  
Lørdag 5. desember 2020 kl 12.00 i Bryne mølle  
Auksjonarius: Staale Grude Haaland

Sjå kunstverka i Bryne mølle:  
21.11. kl 12.00 - 16.00 / 22.11. kl 13.00 - 17.00  
28.11. kl 12.00 - 16.00 / 29.11. kl 13.00 - 17.00

21.11 – 5.12 **Auksjon - lokale kunstnarar og utvalde verk frå BKF-samlinga**

Laurdag 5.12 var Staale Grude Haaland auksjonarius på kunstauksjon i Bryne Mølle. Verk frå samlinga og lokale kunstnarar var under hammaren. Auksjonen samla 40 besøkande. Det vart seld 27 verk, 23 frå samlinga, 4 frå lokale kunstnarar.

## Publikum

Samla besøkstal på utstillingar og arrangement i 2020 har vore 607

Utstilling	Besøkende Åpning	Besøkende utenom åpning	Besøkende Totalt	Solgte Verk
Kenneth Varpe	97	143	240	16
Unstad - Bøhme Wille	51	13	64	-
Kay Arne Kirkebø - Tom Galta	68	76	144	8
Odd Sama	53	43	96	-
Auksjon 5. desember 2020	40	23	63	27
<b>Sum</b>	<b>309</b>	<b>298</b>	<b>607</b>	<b>51</b>

## Årsmøte

Årsmøtet vart halde 16.6 2020 i Bryne mølle. 18 medlemmar møtte.

Styret 1920-21 er samansett slik:

Sigvart Zachariassen (leiar)

Inger Aase Høyland Braut

Torfinn Edland

Nils Anders Refvik

Lisa Hognestad

Borghild Aase

Linda Nora Rogn

Børge Goa

Edny Hammervold (vara)

Inger Lise Belsvik (vara)

På årsmøtet vart det diskutert og vedteke retningslinjer for kunstnarleg råd

Etter årsmøtet var det ein diskusjon om samlinga til BKF. Det var brei enighet om behovet for å gjera ein innsats med samlinga og arbeida mot ei meir konsentrert kjernesamling som kan vera enklare å oppbevare og forvalta.

## Arbeid i styret

Det har 7 styremøte i 2020. Styret har arbeid med desse sakene:

- Sett opp utstillingsprogram for 2020-2022
- Oppretta kunstnarleg råd. Har denne samansettinga: Jens Erland, Mona Orstad Hansen og Linda Rogn. For å få kandidatar til rådet, har det vore nødvendig å tilby honorar til deltakarane. Har og vore vanskeleg å få sving på dette arbeidet på grunn av korona-situasjonen.
- Arbeidd meir systematisk med sidearrangement og kobling til andre kunstnarlege uttrykk.
- Renska opp, rydda og gjort reint på loftet. Stor innsats fra styremedlemmer og ressursgruppe.

- Gjennomgått kunstsamlinga og oppdatert oversikt, både det som er på loftet og det som heng andre stader. Det er no svært få verk i BKF's eige som me ikkje har oversikt over.
- Gjennomført første runde på vegen mot ei kjernesamling. Medlemmar blei invitert til å koma med si vurdering og dette var basis for utskiljing av verk til auksjon. Det er laga forslag til utfyllande kriterier for val av bilete til kjernesamling og retningsliner for forvaltning av kjernesamlinga.
- Oppfølging av planar for bygging av magasin på loftet. Kommunen er innstilt på å løyva pengar til dette i 2022

Det er handlingsplanen for 2020-2021 som var vedteken på årsmøtet som har lege til grunn for arbeidet i styret.

## Ny heimeside

BKF si heimeside har vore levert gjennom Norske kunstforeningar. Denne ordninga opphøyrt i 2020 og me har laga ny heimeside som står på eigne bein. Stor forbetring, sjå sjølv: <https://www.brynekunstforening.no/>

## Ressursgruppa

Kva skulle me gjort utan ressursgruppa? Snekring, maling, rigging, bæring av uhyggelig store og tunge glasplater opp dei smale trappene, opphenging, pakking, kjøring, kaffikoking, matlaging og ikkje minst smørjing av det gode maskineriet som må til for å få på plass utstillingar og arrangement. Alltid på pletten med godt humør og utstyret som trengs.

## Økonomi

BKF hadde eit overskot på kr 32 630 i 2020. Det er først og fremst sal av kunst og auksjonen som har bidrege til overskotet. Foreninga har fått tilskot frå Time kommune (40 000), Norske kunstforeningar (15 000 – Kenneth Varpe).

## Medlemmar

BKF har i 2020 hatt 92 betalande medlemmar.

## Juleutlodding



Årets bilete var eit trykk (koldnål/akvatint) *Anne* av Søren von Krogh. Han deltok i kollektivutstillingar i 1955 og 1980. Verket blei innkjøpt for kr 300.

Vinnar var Ragnhild Aanestad

*Årsmeldinga vart vedteken på årsmøtet 27.4.2021*